

Siger til J17 jentene mot Odda 9er

20.06.2018



Frå oppvarminga

Tysdag kveld spelte J17 jentene til Rosendal/Uskedal (R/U) kamp på Uskedal kunstgrasbane mot Odda 9er. Også i denne kampen har R/U måttå låna spelarar frå J14 laget, deriblant er Maria som fekk sin debut kamp for J17 laget. Ina som til vanleg spelar med G15 laget, stilte også kampklar.

Odda kom best i gang og fekk allereie etter 8 minutt ballen i mål på eit langskot. R/U har fleire sjansar men lukkast ikkje å laga mål. Etter om lag 25 minutt får Odda ein stor sjanse men May Beate slår til corner.

R/U starta med 1-3-3-2 men gjekk over til 1-3-4-1 halvvegs ut i første omgang på grunn av Odda styrte for mykje på midtbana.

R/U får meir tak på spelet og i det 28 minutt skyt May Beate eit langt utspark som Ina nikkar i mål til stillinga 1-1. R/U pressa godt og hadde fleire store sjansar men det blir ikkje fleire mål før pause.

I andre omgang fortset R/U slik dei slutta første omgangen, pressar godt og etter 7 minutt spel blir Ina spelt fri og lobbar ballen i mål til 2-1. Kort tid etter er Ina frampå igjen, men scoringa vert annullert for offside. Ikkje alle på sidelinia var samde i denne avgjersla.

Maria kjem inn som innbytar etter halvspelt andre omgang og etter bare 2 minutt på bana, lagar ho mål etter eit innlegg frå Ina. Stillinga er 3-1 til R/U. Kort tid etterpå er Ina på farten igjen og trillar in 4-1.

Odda spelarane vart meir og meir frustrerte og produserer få sjansar, hadde vel bare ein stor sjanse med eit langskot som May Beate slår til corner.

Ved om lag 6 minuttar igjen av andre omgang er Ina igjen på farten, får ballen på midstreken, skotfintar ut Odda forsøret og trillar inn 5-1.

Odda pressar nå på men Ingeborg ryddar stort sett opp i forsvar. Odda klarar å redusere til 5-2 i slutt minuttane. Ein spelar frå Odda fekk gult kort.

Odda starta best i denne kampen og tok fortent leiinga. R/U jentene jobbar seg inn i kampen mot slutten av første omgangen og utlikna rett før pause. R/U starta andre omgang slik dei avslutta første og spelar til tider svært bra, vinn til slutt 5-2. Heile laget spelar godt i denne kampen, Ina gjer ein svært god kamp og set inn 4 mål. Maria scora etter 2 minutt i sin debutkamp.

Laget:
May Beate Brakstad
Marte Bøyum

Amalie H. Rød
Eli Omvik
Thea S. Taranger
Guro K. Leganger
Lene Furdal
Emma Øen Klette
Ina T. Sandvik

Innbytarar:
Maria H. Hatteberg
Ingeborg S. Flatebø
Camilla M. Ripel
Nora C. Sætrevik
Hanna Tvilde

J17 Rosendal/Uskedal har nå 19 poeng og ligg på 2. plass på tabellen, 4 poeng framom Hordabø /Radøy/Manger og Odda som begge har 15 poeng. Halsnøy ligg på 1. plass med 21 poeng.

Tekst/nett: Hans Ordin Østebø / Rosendal fotball facbook

Foto: Tor Gundersen